



Det unike sjøhuset mellom Flatholm og Neset er no vellukka restaurert av familien Hermansen og står vel rusta til å stå imot nye vinterstormar. Det var sørveggen som fekk hard medfart sist vinter, men no er han nærmast skifta ut og det er ein god jobb som er gjort.

Mange har sagt rosande ord i det siste om den sans for å berga kulturverdiar som på denne måten er lagt for dagen. Det er det rike notfisket rundt århundreskiftet som minnast på denne måten og mannen bak sjøhuset var Gjert Kjærland.

Hvis ein vil fylla ut dei historiske kunnskapane sine om fisket rundt Uskedalen bør ein ta ein tur og sjå på Sjøhuset!
Det er faktisk eit monumentalbygg i bygda!

Det raude naustet bak, som ligg på Flatholm, er eit vellukka døme på at det går an å føre eit eit gamalt naust over i ei ny tid og ein ny funksjon - som fritidsbustad.

Tekst, foto og nett Ola Matti Mathisen